

# RADAR

NR. 1 — 2022 · 38. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



s. 3, 10-11 og 13

FASTEAKSJONEN  
5. APRIL: VATN

s. 6-7

ETIKK, TAKK!  
LASSE STÅLØY

# Fargane i kyrkjeåret

Av Gunnar Kartveit  
Foto: Håkon Glatved-Prahls

Heilt lydlaust talar kyrkjedommet til oss. Måten bygget er konstruert på, dei ulike delane av kyrkjebygget, all utsmykning, geometriske figurar, lys, blomar, tekstilar, alt er der for å fortelja oss noko. Og så fargane då, dei fire fargane som går att gjennom året – fiolett, kvit, raud og grøn.

Men kvifor akkurat desse fargane? Og kvifor skiftar me dei gjennom året?

**Fiolett** farge vert laga av to andre fargar – blå og raud. Blå er himmelfargen. Raud er fargen for mennesket, blodet, jorda. I møtet mellom himmel og jord, Gud og menneske, der oppstår fiolett. Difor er fiolett fargen for førebuing, oppgjer og sorg. Og det er grunnen til at denne fargen vert brukt i **advents- og fastetida, på bots- og bønedagen og i gravferder**.

**Kvit** er den reine fargen som fortel om fest og glede. Difor blir den brukt ved Kristus-høgtidene **jul og påske**, og på tre andre søndagar: **Maria bodskapsdag** (då Maria fekk vita at ho skulle bli mor til Jesus), **treeiningssøndag** (etter pinse, der me markerer at Gud er tre i ein) og på **allehelgensøndag** (der me minnest dei som er gått bort).

**Raud** er fargen for eld og blod. Eld er symbol for Den heilage ande som vi feirar i **pinsehelga**, og martyrblodet gjev oss raud farge på **martyrdagane** (2. juledag, aposteldagen – til vanleg i juni, og olsok)

**Grøn** er fargen for liv og vekst. Det er den fargen som vert brukt resten av året.

## Korleis ser me fargane i kyrkja?

Presten – eller annan liturg – brukar stola i dei liturgiske fargane. Under nattverden ser me det også på messegagelen som presten har på seg. I tillegg vert den aktuelle fargen for dagen brukt på tekstilane på altar, prekestol og lesepult.

Det varierer frå kyrkje til kyrkje kva som finst av dei ulike liturgiske klede. Det er handarbeid, og materialet som blir brukta, er kostbart. Dette kan me lesa meir om det på s. 8 og 9 i dette bladet.


## Kyrkjeåret og kalenderåret

**Kyrkjeåret** byrjar 1. søndag i advent, og byrjar altså ikkje på ein fast dato.

Kalenderåret sitt pulsslag er årstidene og ulike markeringar og hendingar som ventar oss gjennom året.

Kyrkjeåret sitt pulsslag er dei ulike tidene – advent, jul, faste, påske osv. Dette vert uttrykt gjennom fargane. Skifte av fargar gjennom året indikerer i seg sjølv liv, prega av endring.

**Regnbogen** er ikkje ein del av dei liturgiske fargane. Men han vert brukta i fastetida for å minna oss om vernet som Gud har lova oss (1. Mos. 9, 12 fg). Og det er sju veker i fastetida slik det er sju fargar i regnbogen, raudt, orange, gul, grøn, blått, indigo og fiolett. Me brukar difor regnbogen med eitt tema og éi bøn for kvar farge.



Prekestolkledet med den kvite festfargen viser det sigrande lammet, eit Kristus-symbol



Spr Kjell Sekkingstad og medliturg Elin Klausen ser på prekestolkleda i fiolett, grønt og raudt. Kjell har på seg grøn stola med vektsymbol på. Dåpslyset i framgrunnen.

# Dåpsklut frå Madagaskar

Tekst og bilete: Gunnar Kartveit

Kvar gong det er dåp i ei av kyrkjene på Radøy, får familien med seg ein liten dåpsklut. Og dei får eit kort med helsing som fortel at dåpskluten har reist heile vegen frå Madagaskar.

Me tørkar vatnet av hovudet til den som vert døypt. Og kluten som vert brukt til det her på Radøy og mange andre stader i landet, er eit viktig symbol i tillegg til den praktiske bruken. Vatnet og Guds Ord gjer sin verknad i dåpshandlinga, og den verknaden vert ikkje tørka vekk etterpå.

## Broderibedrift

Fanja heiter ei dame som i 1997 starta ei broderibedrift i Antsirabe på Madagaskar. Ho tok seg av lokale prostituerte, ho lærte dei handarbeid, og etter kvart tilsette ho dei i verksemda si. No er det 42 kvinner som lagar vesker, dukar, puter og altså dåpsklutar. Og ikkje nok med det: Dei lagar hardangersaumseenglar som dei kallar «hardangels»! Snakk om kulturutveksling! Og takka vere arbeidet ved det som no heiter Fanja Broderie, får borna i området mat og skulegang.

Kvalitet er viktig: Bomull og lin og nydeleg arbeid. Dei tilsette arbeider fem dagar i veka, og får også eit varmt måltid i løpet av dagen. Det Norske Misjonsselskap støttar arbeidet og formidlar salet til Noreg.

## Symbol og påminning

Ei due er bordert inn på dåpskluten. Med referanse til Matteus 3,16 er dua symbol for Den heilage ande. Det er grunnen til at i nokre kyrkjer finn me ei due over eller i nærleiken av døypefonten. Den heilage ande er den som «målar» biletet av Kristus i oss.

Etter dåpshandlinga seier liturgen: «Dette er (namnet til barnet), Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.»

Dåpskluten frå Madagaskar er ei påminning om det store fellesskapet me høyrer til i. Me er kanskje 20 eller 200 i den kyrkja der dåpen skjer, og på same tid er me ein del av ei verdsvid kyrkje der mange millionar samlast.

Og dåpskluten minner oss om meir enn det: Den er eit kvitt stykke tøy - ein viktig del av symbolspråket i dåpen. Kvitt er til vanleg fargen på dåpskjolen, og dukane på bordet som er dekka til dåpsfest, er gjerne kvite. Når me tørkar vatnet av hovudet til den som er døypt med den kvite dåpskluten, er det uttrykk for omsorg. Dåpskluten minner oss alle om omsorga me er kalla til: Å tørka tårer, slå handkle om skuldrene, dekka bord, reie senger, kle på klede. Dette er det Bibelen kallar Andens frukt og som dua minner oss om.



Dåpsbarnet Kasper med foreldra Charleen Vetås og Jørgen Løtvedt og storesøster Evelina Vetås Løtvedt



Dåpskluten er fint handverk, brodert ved Fanja Broderie på Madagaskar der 42 kvinner arbeider

## Framsida:

Bilete av ei bøtte som vert fylt med reint, klårt vatn i ein landsby i Malawi. Vatnet kjem frå ei stor vassåre som går tvers over den delen av Afrika, og vert pumpa opp manuelt. I årets fasteaksjon kan me bidra til at Kirkens Nødhjelp kan gje vatn til endå fleire frå Malawi, Ukraina, og andre stader.



## Ivar Skipervold til Manger

Søndag 20. mars kl 17.00 blir det familiekonsert med barnekoret og Ivar Skipervold i Manger kyrkje.

Ivar Skipervold har bakgrunn som lærar, musikar, komponist, tekst- / barnebokforfattar og prest. Han har jobba i barneavdelingen i Kanal24 (no RadioNorge), og er ein viktig kulturformidlar.

Han har laga ikkje mindre enn 20 songsyklusar frå Bibelhistoria og fire frå kyrkjhistoria, m.a. om St. Nikolas og om Frans av Assisi. Med god grunn er han blitt omtala som kyrkjemusikkens Torbjørn Egner.

Produksjonen hans har ført han til Norsktoppen, og han har fått Bibelprisen. Buktaling og trylling har står også på repertoaret hans. Eit stort spenn i uttrykk, altså.

Denne gongen er han på Manger med den nyproduserte «Historia om Bartimeus» som barnekoret framfører ilag med han.

Kollekt ved utgangen.

Velkommen!



Niklas Hellesund Espenes, Hailey Natasha Aune og Lily Elena Mellingen Granli.

## Gratulerer med 10-års-dåpsdag!

Av Wilco Vogelaar

I februar fekk alle døypte 10-åringar invitasjon til å feira dåpsjubileum i kyrkja si. I alt 28 born deltok i feiringa i Hordabø, Manger og Sæbø kyrkje, og det var stor stas! Dei kom rett etter skulen, i SFO-tid.

Først åt vi pizza og drakk masse julebrus. Etter det fekk borna høyra ei forteljing om dåpen. Forteljinga handla mellom anna om Gud Fader som skapte oss og vatnet vi er døypte i, om Jesus som seier "Eg er lyset i verda!" og om den Heilage Ande som kjem til oss som ei due. Vi døypte ei babydokke, og alle fekk tenna eit lys for å minnast sin eigen dåp.

Etter forteljinga deltok borna i ei bønevandring. I kyrkja var der ulike stasjonar der dei kunne plassera ein bønelapp i veggen, sjå korleis ein papirblomst med bibeltekst falda seg ut i vatnet eller skriva ein lapp med noko dei angra på for så å spikra det på ein kross. Til saman var det 9 ulike stasjonar.

Me avslutta dei heile med kake og endå meir brus.

Me hadde det kjekt saman, og det gjenspeila seg i kommentaren frå ein av jubilantane: Kan me koma her kvar dag?



Bak frå v.: Niklas Hellesund Espenes, Andreas Håland Grindheim og Jonas Christensen. Framme frå v.: Emma Victoria Hjertås, Hailey Natasha Aune og Lily Elena Mellingen Granli.



# Ta grep om fastetiden!

Tekst: Ole D. Hagesæther

Spør du folk om faste, så vet vi hva svaret vil bli. Faste har å gjøre med diett og vektreduksjon og sunnere helse. Slå opp på Wikipedia, så har du lesestoff for resten av dagen.

I kristen sammenheng er faste tenkt som en hjelp til fokusering. Fastetiden skal være en tid for refleksjon, bønn og åndelig fornyelse. Når vi spiser enkelt, så er det ikke for å få bedre kroppsfasong. Vi tar ytre grep, for å få indre samling.

Jesus brukte først dager i ørkenen som forberedelsestid til sin gjerning på jorden. (Mt. 4:1). Vi bruker først dager til å tenke på hva han gjorde for oss. Langfredagssalmene gir grunntonen til fastetiden: «Å, la aldri noensinne korsets tre meg gå av minne, som deg, frelsens første, bar! Men la kors og død og smerte tale, rope i mitt hjerte hva min frelse kostet har!» (Se salmeboken nr. 171)

Den som har økonomi til det, kan gjerne være raus med gaver i fastetiden. «Er dette den fasten jeg har valgt, en dag da mennesket plager seg selv, bøyer hodet som et siv og legger seg i sekk og aske?» spør profeten Jesaia. «Nei, dette er fasten jeg har valgt: Å løse urettferdige lenker.. sette undertrykte fri ... dele sitt brød med sultne og la hjelpelesse og hjemløse komme i hus», se Jesaia 58:5-6.

Mange av oss strever nok med å få grep om fastetiden. Det

er trist, for fastetiden er gitt oss som en gudgitt mulighet. Det er snakk om valg og vilje. Jeg tror vi kan lykkes om listen ikke legges for høyt. Her er mitt forslag:

1. Gå til gudstjeneste så sant du kan, alle søndager i fastetiden. Rekker du kveldsgudstjenesten Askeonsdag (2. mars), har du fått en god start.
2. Lær deg utenat salmeverset «Skriv deg Jesus på mitt hjerte» (NoS 339). Bruk verset som morgenbønn og kveldsbønn gjennom hele fastetiden.
3. Les kapitlene om Jesu lidelseshistorie i små avsnitt og tenk på hva du har lest. (Se Matteus 26 og 27, Johannes 18 og 19).
4. Spis enkel mat to ganger i uken og gi en raus gave til Kirkens Nødhjelp.

**God påske!**

## UKRAINA

Me kjenner sinne og sorg pga krigen i Ukraina. Me kan lett kjenna oss handlingslamma.

To innholdsrike ord har alltid fylgd kyrkja: Be og arbeid.

Folk og leiarar i Russland og Ukraina treng vår forbøn. Det same gjeld alle som no tek imot flyktningane.

Arbeid inneber i første omgang å gje pengar til dei store organisasjonane som driv hjelpearbeid. Akkurat no er Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon ein naturleg kanal å bruka. Kle og utstyr trengst også. I neste omgang kan me vera venekontakt for menneske som gjer landebyte, både dei som alt er komne til landet vårt, og dei som vil koma.

## Vårrydding

Tekst: Driftsleiar John Henanger  
4.-8. april vert det vårrydding på gravplassane i Alver. Alle kransar og alt vinterdekke som ligg igjen på gravene, vert då fjerna. Om du vil ta vare på noko, må du henta kransar o.l innan 3. april.

Reglar for plantefelt og pynt

på graver heng oppslått på infotavler ved kyrkjene og gravplassane. Du finn dei også på nettsida [www.kyrkja.no/alver](http://www.kyrkja.no/alver), sjå kapittel: Gravferd.

Ser du noko feil på bygg eller gravplass, send oss ein e-post til: [post.alver@kyrkja.no](mailto:post.alver@kyrkja.no)



**KNARVIK SENTER**  
Møteplassen for handel og kultur

Vi vedder på at du leser dette.  
Lest 10:47

Me hjelper deg med markedsføring, streaming, seremonier, foto og web  
Lest 10:48

**NES** MEDIA Din innholdsprodusent i Nordhordland. Les meir på [nesemedia.no](http://nesemedia.no)



**Etikk, takk!**

# Full trøkk i subsea-marknaden, men klare for det grøne skiftet

– Vi posisjonerer oss for å bidra til det grøne skiftet. Leveransar til framtidig utbygging av havvindanlegg er noko vi konkret arbeider med, seier Lasse Ståløy, dagleg leiar i RadøyGruppen AS.

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahls

**– Det er ingen tvil om at utvinninga av olje og gass vil bli redusert over tid, men det er utopi å tro at det kan skje raskt, slik einskilde aktørar tek til orde for. Det grøne skiftet er truleg den største utfordringa landet vårt står overfor.**

Lasse Ståløy veit kva han snakkar om. Som dagleg leiar i RadøyGruppen AS har han følgd offshorebransjen i mange år. Verksemda hans har lenge vore utstyrleverandør til selskap som opererer frå installasjonar i Nordsjøen og andre stader.

Like fullt er han kjapp med å tilføya:

– Vi har for lengst tatt innover oss at framtida vil sjå annleis ut når det gjeld produksjon av energi. Mellom anna ser vi eit stort potensial i å levera utstyr til flytande havvind. Der finst det store mogelegheiter. Dei fleste tenkjer kanskje tårn og propell når vi snakkar om havvind, men verdiskapninga vil vera det som skjer under havoverflata, nemleg logistikken på havbotnen.

## Størst i Nordhordland

RadøyGruppen er den største industribedrifta i Nordhordland – med lokalt eigarskap. I dag er det 92 tilsette i selskapet, pluss 50 innleigde. Flesteparten av dei fast tilsette er busette i søre delen av Alver.

Det er sveising og bygging av stålkonstruksjonar til subsea-verksemder (installasjonar på havbotnen) som er hovudaktiviteten til RadøyGruppen.

Men slik har det ikkje alltid vore.

Det var Lasse sin far, Olav Ståløy, som saman med kollega Alf Hamre starta Radøy Mekaniske Verksted i 1969. Dei hadde begge røynsle frå skipsverft i Bergen og ønskta å starta for seg sjølve på Radøy, i meierilokala på Manger. Den gongen var det ingen mekanisk industri på øya, men det var rikeleg med bønder.

– I den spede starten fann dei ut at dei kunne reparera landbruksmaskiner til bøndene. Det var berre to ting som gjorde det vanskeleg. Bøndene var ganske nevenyttige og klarte å gjera reparasjonane sjølve, og så hadde dei ingen pengar, fortel Lasse og humrar godt.

## Vendepunktet i 2002

Men gründerane fann raskt ut at dei kunne få oppdrag i møbelindustrien i distriktet. Seinare vart det mykje arbeid på skip, mellom anna gjennom Mongstad Engineering, som Radøy Mek. saman med andre verksemder etablerte på 80-talet. Skipsmarknaden var stor heilt fram til slutten av 90-talet.

I mellomtida hadde Radøy Mek. flytta frå Manger til nye lokale på Olsvollstranda i 1974.

Etter fleire utbyggingstrinn der og ein aukande arbeidsstokk, vart det behov for ein eigna utskipingsstad for produkta. Resultatet vart kjøp av det tidlegare Spenncon-anlegget på Vetås i 1996. Då vart også namnet endra til RadøyGruppen.

Etter nokre år med vedlikehald og service på skip og produksjon av stålkonstruksjonar til bruer, vart 2002 eit vendepunkt for RadøyGruppen.

## Stor aktivitet i fleire år

– Då slo marknaden for undervassteknologi, altså subsea-industrien, til for fullt. Eg trur vi trefte akkurat då ting starta å bevega seg. Då fekk vi eit stort oppdrag med eit pumpesystem som vi skulle laga stålstrukturane til. Frå før hadde vi produsert utstyr til Frank Mohn og fleire av bedriftene på Mongstad, men no tok det verkeleg av med produksjon av subsea-utstyr, fortel Lasse.

Utover 2000-talet var det stor aktivitet. Rekordåret var 2014 med ein omsetnad på nær 800 millionar og eit overskot i morselskapet på rundt ein kvart milliard. Men så slo oljekrisa inn. Rekordlåg oljepris og svære kostnadskutt i oljenæringa førte til krise også for utstyrsprodusentar som RadøyGruppen.

Men i dag er marknaden god, og venta omsetnad for 2022 ligg på 210-230 millionar kroner.

– Det som først og fremst pregar bransjen vår, er dei store swingingane. Ikke frå veke til veke, men gjerne frå svært høg aktivitet til låg aktivitet i løpet av eit år.

## Havvind blir interessant

– Tilbake til fornybar energi og det grøne skiftet. Kva vil du seia til dei som meiner at vi må fasa ut olje og gass snarast råd?

– Dette er eit av dei store, etiske dilemma vi har i Norge i dag. Og det er noko vi absolutt kjenner på. Det vi produserer av gass og olje er ikkje er bra for kloden. Men så må vi tenkja på kva alternativet er. Stoppar vi norsk olje-

og gassproduksjon, er det framleis behov for brennstoff. Då skaper vi fort eit nytt problem når energiprisen blir så høg at den rammar breitt, også fattige delar av verda. Og ja, det er eit etisk dilemma, seier Ståløy, og held fram:

– Vi vil vera med og ta ansvar. Difor posisjonerer vi oss no på leveranser til havvind-produksjon. Vi har kjøpt den gamle Jotun-tomta på Mangerøy og har planert ca. 30 mål. Der har vi bygd kafront med djupvasskai. Men vi må ha opp volumet her på Vetås før vi kan gå i gang der ute.

For nokre år sidan var det ei forventning om at olje og gass var avtakande og fornybar energi kom til å akselerera. Dessverre går det seit med utbygging av fornybart, samstundes som det er stor mangel på energi på Kontinentet, seier han.

## Full trøkk i fire-seks år

I desember fekk RadøyGruppen ein stor kontrakt med OneSubsea Processing for bygging av to kompressorstasjonar med tilhøyrande fundament. Det sikrar verksemda god aktivitet i inneverande år, samstundes som det er komme tilleggskontraktar til denne første ordren no i ettertid.

– Med denne kontrakten og dei månadlege, vanlege prosjekt- og salsordrane er rundt 70 prosent av omsetnaden belagt for i år. Og allereie 30 prosent for neste år. Så bra har vi ikkje hatt det på lenge. Vi diskuterer faktisk kva vi må seia nei til framover. Det er eit heftig press i subsea-marknaden for tida, og vi ser for oss at det høge trykket vil halda fram i 4-6 år.

Lasse Ståløy er glad for fyldige ordrebøker, men er likevel sikker på at framtidas energi blir grønare.

– Vi skal klara å balansera dette – olje og gass mot fornybare næringar. Vi og våre samarbeidspartnarar er godt i gang med å førebu oss på den gradvise endringa. I Radøygruppen har vi både kompetanse og areal til å kunna bidra til denne viktige utviklinga. Sidan havvind er spesielt interessant for oss, må vi håpa på ein flytande overgang, avsluttar 52-åringen frå Valdersnes med eit smil om munnen.

**Knarvik  
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)



**VATNE**  
begravelsesbyrå  
**DAHLS**

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

# Åse Eriksen - lagar heilage klede

Tekst og foto: Øystein Skauge

Åse Eriksen er tekstilkunstnaren som budde i Nordhordland i rundt 20 år frå 2001. Her fekk ho låne Haugland skule på Hordabø frå Radøy kommune. I lag med mannen, Roger Gjerstad, som også er biletkunstnar, dreiv dei Radøy kunstsenter med støtte frå kommune og fylke fram til familien flytta tilbake til Bergen i fjar. Dei bur og arbeider no i Åsane, og har atelier på Kyrkjekrinsen.

Ho var ferdig utdanna tidleg på 1980-talet frå Kunsthåndverkskolen, det som no er Universitetet i Bergen, fakultet for kunst, musikk og design. - Mi første kyrkjekunstoppgåve var fire messekaklar til Skjold kirke i Fana, fortel Åse. - Seinare laga eg også eit stort vegteppe til same kyrkja.

Like etter dette vart det arrangert ein konferanse i Erkebispegården i Trondheim som heitte «Du skal lage heilage klede». Det vart ei god oppleveling, og då denne var over, fekk ho spørsmål om å sitje i fagråd for kyrkjekunst i Bjørgvin bispedøme. Ho sat der i ti år, og var med på å gje faglege innspel på det som handla om kyrkjekstilar. Ho lærde veldig mykje gjennom desse åra om alt som har å gjøre med kunst i kyrkja. Det var spanande å måtte tenkje gjennom forholdet mellom å bevare det eksisterande i kyrkjerommet, og å føre inn nye ting.

- Det handlar om å ha respekt for fellesskapet som eig dette i lag. Eg plar ofte å seie: - Ikkje tenk at kyrkjerommet er di private stove. Det er lett å flytte inn saker og ting i kyrkjerommet som kanskje ikkje burde vore der.

Åse Eriksen har studert kunst og kunsthåndverk lenger og djupare enn dei fleste. Ho driv også med forsking på gamle tekstilar. Slikt som ein finn anten i gamle graver, eller i kyrkjer. Ho har f.eks. gjort ein rekonstruksjon av tekstilar som vart funne i det gamle Osebergskipet i Vestfold, og ho jobbar no med å finne ut av ein gammal tekstil funnen i Røldal kyrkje, og som er flytta til museet i Bergen. Ho heldt på å rekonstruere Røldaltekstilen, opphavleg vevd i Italia av silke, for mange hundre år sidan. Det finst også ein del andre tilsvarende tekstilar som ho ser nærmare på, bl.a. i Sverige.

Åse røpar at dette er så omfattande at det har gjeve henne lyst til å prøve å gjøre dette til eit doktorgradsarbeid, men



tvilar på om det vil la seg realisere når ho no snart nærmar seg pensjonsalderen.

Ho fortel om inspirasjonen til å arbeide med tekstilkunst for kyrkjelege føremål. I botn ligg ein tanke om at ho vil bruke dei kunstnarlege gåvene som ho kjener på at ho har fått. Ho vil gje av seg sjølv. Men så tek ho til å leite etter noko å byggje på, noko som ligg der og ventar. Som for eksempel då det var snakk om å lage bispekkåpe til Tunsberg bispedøme. Ho visste om eit fasinerande funn i Oseberggrava, og om ein bladkross på ein biletvev derifrå. Denne går også inn i biskopens sitt segl, og ho fortel korleis krossen går igjen i utforminga av bispekkåpa. Ved sida av historiske symbol, finn ho også mykje inspirasjon i sjølve kyrkjerommet.

Åse Eriksen har også laga arbeidsklede til prestar, dvs. stolaene som prestane ber utanpå den kvite prestekjolen, eller alba som den heiter. Stolaene vert produserte i dei fire liturgiske fargane, og her hjå oss har dagens prest i Knarvik sokn, Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn, og den tidlegare soknepresten Geir Øy, begge fått laga sine stolaer av Åse.

I Nordhordland har ho levert tekstilar til Hordabø og Myking kyrkjer, og nett no er ho i gang med å lage eit fullt sett av liturgiske tekstilar i grøn farge til Bergen domkirke.

**HELLAND  
ELEKTRO AS**

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
www.helland-elektro.no  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

**SIKRINGEN**  
- din elektriker

**RISNES  
ELEKTRO AS**

Einstallatør • tlf. 56349620



Åse Eriksen i sitt atelier i Kyrkjekrinsen. Her med messehakelen til Sunnmøre som vart laga i feil målform.

Like etter nyttår i år, vart også den nye bispekåpa til Nord-Hålogaland bispedøme formelt overrekt biskopen i Tromsø ved den årlege nyttårstalen han heldt i Tromsø domkirke. Dette er eit vakkert plagg med inspirasjon m.a. frå nordlyset på polarhimmelen.

Vi spør om Åse Eriksen har noko litt utanom det vanlege å fortelje frå arbeidet sitt. Ho ler godt, og peikar på ein ferdig messehakel som heng utstilt i atelieret i Kyrkjekrinsen. Den var tenkt til kyrkja i Herøy i Fosnavåg på Sunnmøre, og motivet er rett og slett ein innvevd tekst med orda frå Jesu innstifting av nattverdmåltidet. Problemene for Åse var at då ho presenterte dette for kyrkjelyden på Sunnmøre, så viste det seg at ho hadde bomma stygt, og laga ein tekst på bokmål til denne nynorskbastionen. Ho fortel at ho skal lage ny messehakel, og bruke denne til å vise fram for mogelege oppdragsgjevarar som prov på kvalitet og teknikk på det ho steller med.

### Om kyrkjekstilar:

Alle desse tekstilane (bortsett frå bispekåpa) vert laga i dei fire liturgiske fargane: kvitt, grønt, raudt og fiolett. Oftast pryda med ulike teologiske symbol.

**Antependium:** Tekstil som ligg over/heng ned framfor altaret.

**Prekestolklede:** Liten tekstil som heng ned framfor lesebrettet på prekestolen.

**Alba:** Den kvite drakta som vert brukt av prestar og andre vigsla medarbeidarar (Alba betyr kvit.)

**Stola:** Det farga bandet som heng over skuldrane, utanpå albaen, på vigsla medarbeidarar; prestar, diakonar, kateketar og kantorar.

**Messehakel:** Vert brukt i lag med, og utanpå, liturgisk drakt av den som forrettar ved nattverd. Kan også brukast under altartenesta på høgtidsdagar.

**Bispekåpe:** I kvart bispedøme finst det eit praktplagg som biskopen brukar utanpå alba og stola ved tenesta i gudstenesta. Alle bispekåpene er ulike, men ofte rikt dekorerte med ulike symbol.

**Bygg Team VEST AS**



Alt innan tømrarfaget!

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

**VESTSTEIN**  
naturstein

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale  
5918 FREKHAUG - MOB: 913 13 480

## Fasteaksjonen 2.-5. april:

# Vil følgja opp fjorårets suksess – går kreativt til verks

Tekst: Arthur Kleiveland

**Dei vil følgja opp fjorårets suksess og rekordinnsamling under årets fasteaksjon. No går Meland kyrkjelyd endå meir kreativt til verks, og vil krydra den digitale aksjonen med ei rekkje opplegg, mellom anna med sal av rådyr kaffi, sykkelvask og syrisk dans, som kan bli nokre av tilboda.**

Startskotet for fasteaksjonen går når konfirmantane er tilbake frå vinterferie. Då går dei gruppevis i gang med å laga Spleis på sosiale medier. Dei skal dela og skapa blest om Spleis'en for å få sambygdingane til å «opna lommeboka» for ei svært god sak.

### Sende videohelsing til dei ti første

- Kjempegøy å vera med på. Eit supert prosjekt. I tillegg til eit visst konkurranse-instinkt mellom konfirmantgruppene, vart engasjementet også større etter kvart som vi fekk meir informasjon om kva innsamlingsaksjonen skulle gå til, seier Ole Håkon, ein av fjorårs-konfirmantane.

På Spleis'en til Ole Håkon si gruppe lova han å senda ei videohelsing til dei ti første som gav 250 kroner. Det var skikkeleg populært og pengane strøymde raskt inn. Ole Håkon håpar årets konfirmantar er minst like kreative. – Kvar krone betyr noko, seier han.

### Knuste den gamle rekorden

Meland-innsamlinga i fjor var både digital og dør-til-dør-aksjon. Det kom inn over 102.000 kroner, og det var ny rekord. Av denne summen stod konfirmantane for nesten 60.000 kroner.

- Ekstra stas å setja ny rekord, og at vi kunne bidra til at flest mogleg får reint vatn andre stader i verda, fastslår Ole Håkon. Konfirmantgruppa han var med i samla inn over 17.000 kroner.

Også i fjor gjennomførte Meland sokn digital fasteaksjon. I alt seks konfirmantgrupper laga kvar sin Spleis. Konfirmantane fekk sjølv jobba med utforminga av Spleis'en og dela den.

I år blir innsamlingsaksjonen heil-digital.

- Det viser seg at mange ikkje har kontante pengar på seg. Difor trur vi det blir meir effektivt å bruka digitale løysingar i ulike kanalar. Det viste jo også resultatet i fjor – vi auka den samla innsamlingssummen med ein tredel, medan resultatet på landsbasis gjekk ned, seier diakon Ruben Sæle, som er koordinator for fasteaksjonen i Meland sokn.

A screenshot of a crowdfunding page from Spledin.no. It shows a group of 11 people holding up small white cards with names written on them. The total amount raised is 17,400 kr, which is 87% of the goal of 20,000 kr. There are 54 donors. The page is titled 'Spledin' and includes a message from Ole Håkon. It also mentions Kirkens Nødhjelp/Norwegian Church Aid as a partner.

### Syrisk mat og sykkelvask

Kyrkjelyden skal også ha sin eigen Spleis, som det blir informert om i gudstenester og i sosiale medium i perioden frå 20. mars til 8. april. Det blir endå meir fart i sakene når kyrkjelyden slår til med ein aksjonsdag på Frekhaug første laurdagen i april.

- Der vil vi få kyrkjelyden til å engasjera seg og vera med på ulike ting som kan gje pengar til aksjonen, seier Sæle. Han fortel at opplegget på aksjonsdagen ikkje er ferdigsprikra.

Du kan kanskje få kjøpt «rådyr» kaffi frå Etiopia, eit land der Kirkens Nødhjelp jobbar.

### Fleire godbitar

- Alt for ei god sak, smiler Sæle, som har fleire moglege godbitar på lager: For ein hundrelapp kan du få vaska sykkelen din, og du kan få justert gir og bremser for ein tilsvarende sum.

Kanskje kan du få fiksa klede eller dingsar som ikkje fungerer. Og det kan også bli tilbod om å læra å laga syrisk mat – og vil du slå ut håret litt kan det by seg ein moglegheit til å bli med på syrisk dans – alt for ein liten vipp til fasteaksjonen.

- Det kan også bli andre påfunn, seier koordinatoren for fasteaksjonen. Søndag 3. april blir det fasteaksjons-gudsteneste med skikkeleg feiring av innsatsen både for konfirmantar og resten av kyrkjelyden.

**Då denne artikkelen gjekk i trykken var planlegginga av aksjonsdagen så vidt kome i gang.**

**Sjå nettsida for meir informasjon om korleis den faktisk blir: [www.kyrkja.no/meland](http://www.kyrkja.no/meland).**



**FEKK VIDEOHELSING:** Dei ti første som gav 250 kroner på Spleisen til konfirmantgruppa til Ole Håkon, fekk videohelsing frå han. Det slo godt an.

**Gravminne**  
Ring for katalog  
Navnetilføying  
Gravstell  
Oppussing  
**Hageland**  
Eikanger  
Sauvågen 251-5913 Eikangervåg - tlf 56357730



Fasteaksjonen 2.-5. april:

## Vassdropane som kan endra livet

Tekst og bilete: Gunnar Kartveit

**Fem gongar større avling, og mykje mindre arbeid. Det høyrest ut som eit eventyr. I Malawi er dette eventyret sant.**

Vatn. Me treng alle vatn. Alt liv treng vatn.

Slik er det også i Malawi, landet som ligg mellom Mozambique, Zambia og Tanzania i det sør-austlege Afrika.

80% av innbyggjarane i Malawi lever av landbruk. Men lange tørkeperiodar gjer det vanskeleg å dyrka mat. Dei som bur langs den store Malawisjøen og alle dei som har ei elv i området sitt, kan vatna åkrane sine ved å bera vatn og töma det i åkeren sin. Men på den måten går mykje vatn til spille fordi det ikkje kjem plantane direkte til gode. Og ein god del av vassbørene er dermed fányttes.

I Noreg brukar me pumper og vatningsanlegg når nedbøren uteblir og vatnet skal fram til åker og eng. Slike anlegg er dyre i innkjøp, og energi og vedlikehald kostar pengar. Difor må ein finna andre løysingar i Malawi, eit av dei fattigaste landa i verda.

For mange småbønder er ein liten utstyrspakke, «dripkit», løysinga. I den pakken er det slangar med hol i, koblingar, gjødsel og såkorn. For dette betaler bøndene 7.500 kwacha (90 kr.) Med på kjøpet får dei rettleiling og oppfølging av ein agronom, og hjelp til å selja den auka produksjonen. Hotell er t.d. avhengige av faste leveransar.

Slangane vert kobla til ei kanne som står på eit heimelaga stativ. Kanna må fyllast manuelt, men forbruket av vatn er ein brøkdel av det ein brukar elles. For slangane som vert lagde langs såradene, har eit hol for kvar plante. Eit enkelt og effektivt system.

- På eit halvt år har eg hatt 90.000 kwacha (1.000 kr) i overskot på tomatdyrkinga mi, seier Harry Maonga, som lovprisar utstyret og systemet.

- Før måtte eg bera 16 kannar vatn om dagen til kvar grønsakseng. No er det nok med 2 kannar om dagen. Avlinga er større, og eg kan dyrka to-tre gongar i året.

I tillegg til tomater dyrkar desse bøndene agurk, kinakål og vassmelon. Det er eit poeng at bøndene sjølv må spare opp pengar til den første investeringa. Men den summen er så liten at dei fleste kan vera med på det.

Kirkens Nødhjelp samarbeider med organisasjonen African Institute of Corporate Citizenship. Midlane frå Kirkens Nødhjelp blir brukte til å leggja til rettes for dette arbeidet, skaffa utstyr og løna agronomane som gjev råd og rettleiling til bøndene. Dei arbeider også med å organisera bøndene i kooperativ slik at dei i større grad kan læra av og støtta kvarandre, og stå sterkare når prisar og ordningar skal fastsetjast. Slik er me med og bergar og endrar liv.

Malawi er eit vakkert land og folk er venlege. Mange akvarium har fisk frå Malawisjøen. Og dei som har lese om David Livingstone, har også lese om Malawi. Det var ved Malawisjøen Henry Stanley møtte Livingstone og sa dei velkjende orda: «Dr. Livingstone, I presume?»

A photograph of a smiling child with short hair. To the left of the child is the logo for Bufetat, which consists of a stylized 'B' and 'T' inside a circle. To the right of the child is a text box with the following content:

**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.**

Den norske kyrkja samarbeider med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

[fosterheim.no](http://fosterheim.no)

# KULTUR-KALENDER

## 20. mars

### Familiekonsert i Manger kyrkje kl 17.00.

Barnekoret framfører musikalen "Historia om Bartimeus" saman med forfattar og musikar Ivar Skipervold.

## 30. mars

### Påskekonsert med Garness og Felix Vocalis i Meland kyrkje kl 19.30.

Torjus Vierli, Thomas Gallatin. "Gåten om korset." Bill. kr. 395,-.

## 2. april

### Vårkonsert i Alversund kyrkje kl. 17.00.

Alversund Musikklag saman med Dale Musikkforening. Seim Musikklag vert òg med. Billettar kr. 100,-. Barn gratis.

## 3. april

### Vårkonsert/Song for Moldova i Knarvik kyrkje kl. 19.00.

Kjersti Møllerup Wiik, Vidar Eldholm, Maria og Rebekka Eikefet, Laila Kolve, damekor og solistar. Bill. kr. 250,- ved inngang eller over tlf 92 66 39 20.

## 10. april

### Påskekonsert i Knarvik kyrkje kl. 19.00.

Konsert med barytonsongaren Leif Jone Ølberg. Han vert akkompagnert av far sin, Lars Bernhardt Ølberg. Inngang kr. 250,-.

## 20. april

### Påskesongfest i Knarvik kyrkje kl. 18.00.

Bli med og syng påskesongar i lag med kora i kyrkjelyden.

## 22. mai

### Konsert i Knarvik kyrkje kl. 17.00.

Rune Larsen m/ Gjøvikgruppen Korpus og Tveiterås Ungdomskor.

Arr: Gjøvik kunst- og kulturskole, Pascal Norge i samarbeid med Kyrkjeklubben i Knarvik kyrkje.

## 26. mai

### Konsert i Seim kyrkje kl. 12.00 og Knarvik kyrkje kl. 17.30.

Mannskoret Brødrerøster frå Hamar-området, Gunstein Draugedalen og lokale krefter inviterer til song- og musikkopplevingar. Kollekt.

## Sjøveis kyrkjereis til Fedje

Tekst: Rune Minde, sokneprest i Austrheim og Fedje sokn

Søndag 12. juni blir det høve til å oppleva flott Nordhordlandsnatur frå sjøsida.

Dei fire fjordabåtane M/S Granvin, Vestgard, Atløy og D/S Oster vil då gå frå Bergen, Osterfjorden og Solund/Gulen langs tronde sund og breide fjordar med Fedje som mål.

Kl. 12.00 blir det gudsteneste i Fedje kyrkje, kl. 15.00 går så båtane tilbake, same ruta.

Båtane vil ha stoppestad på mange av dei gamle kaiane i Åsane og Nordhordland på si ferd mot Fedje. Detaljar om stoppestader og rutetider, prisar m.m. finn du på www.kystkultur.no.

Set av datoен og bli med på ei førsommaroppleving av dei sjeldne!

Arrangementet er eit samarbeid mellom Fjordabaatane, Kystkultur.no og Fedje sokneråd.



**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HÉR FOR deg

DU NÁR OSS PÁ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Havnevegen 31 Elvavegen 1  
Alversund Frekhaug Dalekvam

### Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

#### Vi utfører:


- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk • Automatisering •
- Godkjent for kontroll av el. anlegg



**Torsvik**  
ELEKTRO



# Diakonalt hjørne



Av Gudveig Kartveit Sundsbø

## Frivilligheitsåret!

Til deg som sel vaflar på idrettsarrangement, som bakar kake til kyrkjekaffien, som köyrer rundt med middagslevering og som ryddar stigar på turvegar. Til deg som hjelper til på eit eller anna vis på frivillig basis, om det er fast eller sporadisk- **GRATULERER!** Det er ditt år i år! Regjeringa har valt året 2022 som året for dei frivillige.

Det norske samfunnet baserer seg i mange arenaer på frivillig innsats. Det er ein utruleg viktig byggjestein i samfunnet vårt, og i bygda vår. Å vere frivillig kostar- tid og energi, men tenk alt ein får tilbake!

I kyrja har me mange frivillige. I heile Noreg er det faktisk rundt 100 000 frivillige som gjer ein innsats i arbeid med born og unge, i gudstenesteliv, og anna arbeid. Det er ikkje lenge sidan eg snakka med eit nytiflytta par som hadde meldt

si interesse for å verta frivillig i eit sokn her i Nordhordland. Dei var interesserte i kva som skjer, og korleis dei kan bruke energien sin i frivillig arbeid. Det er mange arenaer å velja mellom. Her på Radøy er det medliturgar, kyrkjevertar, musikarar og bakarar som er engasjerte til gudstenester. Me har frivillige som deler ut blomar til alle over 80 år før jul. Me har frivillige som skipar til kvardagsmiddagar annankvar onsdag på Rastepplassen. Me er i startgropa av besöksteneste, der me framleis treng frivillige til å vera besøksven. Dette er nokre av arenaene der frivillige er med og gjer ein viktig innsats.

Så: Takk til deg som gjer ein frivillig innsats i bygdene våre! Og til deg som ønskjer å vita meir om korleis du kan bidra - ta gjerne kontakt! Her er det plass til deg òg!

I Diakonens hjørne skriv eg som diakon, om det diakonale arbeidet i kyrkja på Radøy. I år brukar eg dei 4 emna som definerer diakoni i Den norske kyrkja for å presentere breidden i diakoniarbeidet. Ta gjerne kontakt med meg om du vil gje innspel om diakonalt arbeid i kyrkja: Gudveig Kartveit Sundsbø. Sjå kontaktinfo bakerst i bladet.



Oddbjørn Tveiten og Kristoffer Toska er to av mange som gjer ein stor innsats som frivillege

# VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

Av Gunnar Kartveit

Denne dagen er det fest i M'konda, ein landsby sentralt i Malawi i sør-austlege Afrika. Trommer høyrer med til fest, så ein gut syklar avgarde og hentar dei. Folk syng og dansar rundt vasspumpa. For no har landsbyen fått ei pumpe som gjev reint vatn til dei alle. Endeleg kan Zione (biletet) henta ei bøtte med vatn som er så klårt at me kan sjå botn i bøtta.

Vatnet kjem frå ei svær vassåre langt nede i jorda, ei åre som går tvers over denne delen av Afrika. Og ved hjelp av ei pumpe som både små og store kan handtere, kjem det klårt, reint vatn. «Safe drinking water» heiter det på engelsk. For vatnet er trygt å drikka, og det kjennest trygt å bruka det. Og det er trygt å henta

vatn frå pumpa som ligg midt i landsbyen, godt synleg for alle, utan at jentene må gå langt i område med ytre fårar.

Har nokon av oss tenkt på å invitera til fest når me har montert ein ny vasskrane i huset? Kanskje ikkje. Så er det også lenge sidan folk i bygdene våre gjekk lange vegar for å henta vatn. Ureint vatn. Det var det dei hadde gjort i M'konda. Jentene og kvinnene, det var dei som gjekk.

Kirkens Nödhjelp har bora etter vatn og montert pumper mange stader. Det startar alltid med etablering av ein lokal vasskomité der fleirtalet er kvinner. Dei veit kor viktig det er med reint og trygt vatn.



# Venekontakt

Av Gudveig Kartveit Sundsbø


**Har du lyst å utgjere ein forskjell for nokon som er ny i Noreg og ny i bygda?**

**Me startar opp eit nytt tilbod for menneske med fluktbakgrunn, og treng deg!**

Ein uformell prat mellom NAV og kyrkja i fjor vår sette i gang eit nytt samarbeidsprosjekt. NAV Flyktningetenesta ytra behovet for å støtte dei som kjem nye til Alverbygdene, til å verte ein del av bygda. Kyrkja vil vere med på dette prosjektet, og har sagt seg villig til å koordinere tenesta. Det er blitt til Venekontakt.

Me ønskjer at den/dei som kjem til Alver, kan få kontakt med ein person eller ein familie, som kan vere eit bindeledd mellom bygda og dei nytiflytta. Det kan vere å vise dei korleis ein les busstidene, og vise knutepunkt i bygda, som busstopp, post og bibliotek. Ein kan gå turar, ete middag, og spele spel i lag.

Me ønskjer at dei som kjem flyttande til Alver skal kunne kjenne seg inkluderte, og kome på plass i daglelivet i den nye kommunen og landet sitt. Me trur òg at det kan vere nyttig for oss å bli kjende med nye sambygdingar!



## Kven kan vere venekontakt?

- Ein person, eit par eller ein familie.
- Du er engasjert, inkluderande og vil møte nye menneske.
- Du treng ikkje vere tilknytt kyrkja.
- Du har høve til å setje av nokre timar i månaden i eit halvt år.

## Korleis fungerer ordninga i praksis?

Personar/familiar som ønskjer å bli venekontakt, tek kontakt med koordinator for ein første samtale og signering av erklæring om tieplikt. I samtalen går me gjennom kva ein ser for seg som venekontakt, t.d. om forventningar og lengde på oppdraget, og om ein er familie eller vil engasjere seg åleine. Det vert laga ein tidsavgrensa kontrakt på rundt 6 månader.

**Er du interessert i å bli Venekontakt? Ring diakon Gudveig Kartveit Sundsbø (koordinator) tlf 938 40 587, eller send ein epost gs888@kyrkja.no.**

## Slekters gang

### Radøy

#### Døpte

14.11.2021, Hordabø kyrkje  
09.01.2022, Hordabø kyrkje  
16.01.2022, Sæbø kyrkje  
06.02.2022, Manger kyrkje

Emilian Steindal Lilletvedt  
Ingrid Hop Båtnes  
Mathias Bo Melheim  
Kasper Vetås Løtveldt

#### Gravferd

05.11.2021, Hordabø kyrkje  
05.11.2021, Sæbø kyrkje  
12.11.2021, Hordabø kyrkje  
12.11.2021, Hordabø kyrkje  
19.11.2021, Manger kyrkje

Harald Birger Kvalheim  
Dreng Dale  
Kitty Katrine Rath  
Roymund Vågenes  
Klara Dalland

23.11.2021, Sæbø kyrkje  
26.11.2021, Hordabø kyrkje  
26.11.2021, Hordabø kyrkje  
03.12.2021, Sæbø kyrkje  
07.12.2021, Manger kyrkje  
14.12.2021, Manger kyrkje  
17.12.2021, Manger kyrkje  
29.12.2021, Manger kyrkje  
07.01.2022, Manger kyrkje  
07.01.2022, Manger kyrkje  
11.01.2022, Hordabø kyrkje  
11.01.2022, Hordabø kyrkje  
28.01.2022, Manger kyrkje  
01.02.2022, Sæbø kyrkje  
11.02.2022, Manger kyrkje  
11.02.2022, Manger kyrkje

Torvald Taule  
Kåre Arnolf Valdersnes  
Ada Karina Teigen Kolås  
Margot Arnhild Taule  
Magnar Skjelanger  
Inge Bø  
Bjørnar Olav Halland  
Borgny Helga Taule  
Magnhild Kolås  
Arnstein Dalland  
Peder Bø  
Martinus David Soltveit  
Sigrid Grini Erstad  
Laura Marie Namtveit  
Herleiv Inge Halland  
Reidun Elvira Morken

# Tankestrek

Av Håkon Glatved-Prahls

## - Vis respekt for alle menneske!

## - Ver audmjuk!

## - Lytt meir enn du pratar!

I eit langt arbeidsliv som journalist har desse tre punkta vore sentrale for meg. Kanskje aller mest dei siste 10-15 åra av min yrkesaktive periode. Erfaring er nyttig, og av erfaring blir ein klokare. Jobben min har i stor grad vore prega av å snakka med menneske - og å skriva. Eit sant privilegium.

**RESPEKT:** Viser du ikkje respekt for andre menneske, uansett kva ståstad den du møter har, har du eit därleg utgangspunkt for ein god samtale. Trur du at du veit betre, kan meir, eller har fasiten på førehand, har du tapt med tanke på å ta dei rette vurderingane i etterkant. Sjølv apostelen Peter har skrive: «De skal behandla alle menneske med respekt».

**AUDMJUK:** For å sitera Bibelen vidare, skriv misjonæren Paules i eitt av sine mange brev mellom anna at Andens frukt er kjærleik, glede, fred, venleik og audmjukskap. Utan å gå vidare på Paulus' eigne skrifter er det slett ikkje uvesentleg at vi i våre daglege gjerningar viser ein viss grad av audmjukskap. Det har i alle fall vore særstilt nyttig for meg som journalist.

**LYTT:** Det seier seg nærmast sjølv at det er viktig å la øyro arbeida vel så heftig som stemmebandet når du samtalar med andre. Fredsprisvinnar Dalai Lama har sagt: «Når du snakkar, repeterer du berre det du allereie veit, men viss du lyttar, kan du læra noko nytt». Kloke ord!

Vi har vel alle eksempel på at nokon ein møter, er mest oppteken av seg sjølv og sine eigne meiningar.

Det er naturlegvis heilt greit.

Fordi det er klokt å visa respekt, vera audmjuk og lytta meir enn du pratar.



**Gudveig Kartveit Sundsø**  
Diakon  
938 40 587



**Wilco Vogelaar**  
Kyrkjelydspedagog  
479 73 670



# DEN NORSKE KYRKJA

## Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1  
A, 5936 Manger

## Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

## Telefon:

4000 1691  
kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

## Facebookside:

radoykyrkjelyd

## Kontonummer:

3636 07 04682

## Vipps:

24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.



**Audun Sylta**  
Dagleg leiar Radøy og Lindås  
901 95 179



**Helge Taranrud**  
Prost  
415 28 318

## Alver kyrkjeloge fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace  
jw7340@kyrkja.no

**Leiar i fellesrådet:** Grethe Lunde,  
gr-lunde@online.no

**Soknerådsleiar Radøy:**  
Gunnar Kartveit  
gunnar@kartveit.com

## Radar

**Utgjevar:** Soknerådet i Radøy sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger  
Lokal redaksjon: Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahls.

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Bodoni AS



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
482 84 872



**J. William Kay**  
Organist I/Rådgjevar  
915 91 482



**Frode Skag Storheim**  
Organist II  
948 38 985



**Kjell Johan Sekkingstad**  
Sokneprest  
951 41 360

**Kristin Blindheim Brakstad**  
Administrasjonssekretær  
400 01 691



**Eirin Beate Åserud-Løvlid**  
Dirigent Radøy damekor  
943 36 779



**Monica Haukeland**  
Kyrkjeteren  
966 97 814



**Arne Palmesen**  
Kyrkjegardsarbeidar  
911 53 484

# GUDSTENESTE-KALENDER

## 20.mars

Hordabø kyrkje 11:00  
Knut Fredrik Sørheim, John William Kay

## 27.mars

Manger kyrkje 12:00 (merk tida)  
Maria bodskapsdag  
Kjell Johan Sekkingstad, John William Kay  
Cecilie Leganger samtalar med Thor Sommerseth og spelar flygel  
Barnekor, søndagsskule, kyrkjekaffi.

## 3.april

Hordabø kyrkje 19:00  
4. sundag i fastetida  
Knut Fredrik Sørheim, Frode Skag Storheim

## 10.april

Sæbø kyrkje 11:00  
Palmesundag  
Kjell Johan Sekkingstad, John William Kay

## 14.april

Manger kyrkje 19:00  
Skjærtorsdag  
Kjell Johan Sekkingstad, Gunnar Kartveit, John William Kay

## 15.april

Manger kyrkje 19:00  
Langfredag  
Knut Fredrik Sørheim, Frode Skag Storheim

## 17.april

Manger kyrkje 11:00  
Påskedag  
Knut Fredrik Sørheim, Frode Skag Storheim

## 24.april

Hordabø kyrkje 11:00  
2. sundag i påsketida  
Kjell Johan Sekkingstad, John William Kay

## 1.mai

Manger kyrkje 11:00  
1. mai  
Knut Fredrik Sørheim, John William Kay

## 7.mai

Manger kyrkje 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad, Frode Skag Storheim  
Konfirmasjon

## 8.mai

Sæbø kyrkje 11:00  
4. sundag i påsketida  
Kjell Johan Sekkingstad, Frode Skag Storheim  
Konfirmasjon

## 14.mai

Emigrantkyrkja 11:00  
Kjell Johan Sekkingstad, John William Kay  
Konfirmasjon

## 15.mai

Hordabø kyrkje 11:00  
5. sundag i påsketida  
Kjell Johan Sekkingstad, John William Kay  
Konfirmasjon

## 22.mai

Manger kyrkje 11:00  
6. sundag i påsketida  
Knut Fredrik Sørheim, John William Kay

## 26.mai

Solendfjellet 11:00  
Helgetorsdag  
Harald Sundsbø  
Friluftsgudsteneste

## 29.mai

Hordabø kyrkje 11:00  
Sundag før pinse  
Kjell Johan Sekkingstad, Frode Skag Storheim

## 5.juni

Manger kyrkje 11:00  
Pinsedag  
Knut Fredrik Sørheim, John William Kay

## 6.juni

"Katedralen" på Bø 11:00  
2. pinsedag  
Knut Fredrik Sørheim  
Friluftsgudsteneste

## 12.juni

Tjorehagen 11:00  
Treeiningssundag  
Friluftsgudsteneste

## 19.juni

Manger kyrkje 11:00  
2. sundag i treeiningstida  
Konfirmantjubileumn

## DET SKJER:

Babysong, Rastepllassen.  
Kvar tysdag kl 10:30: For born og foreldre

Kvardagsmiddag for alle, Rastepllassen.  
Annankvar onsdag, partalsveker, kl 16-17. 20 kr pr person.  
Påmelding tlf 938 40 587 eller minkirkeside.no/radøy

Barnekor 4 - 7 år,  
Manger kyrkje, kyrkjestova. Annankvar onsdag, partalsveker, kl 17-17:45

Radøy damekor, øving i Manger kyrkje. Kvar onsdag kl 19:30

Familiekonsert med barnekoret og Ivar Skipervold  
Manger kyrkje 20.mars kl 17.00.  
Framføring av musikalen «Historia om Bartimeus», saman med forfattar og musikar Ivar Skipervold.  
Kollekt.

Tysdagstreff Sæbø kyrkje 22. mars kl 19. Prost Helge Taranrød innleier til samtale om frivillighet.  
Kveldsmat.

For meir info: Sjå kyrkja.no/radøy



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje